



Odd Maurset Vabø
Vassbygdvegen 740
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2420 - 18/25732

Saksbehandlar:
Sverre Solberg
SSO@lindas.kommune.no

Dato:
23.08.2018

Ajourføring i Matrikkelen for gbnr 178/5 - "Bøketun" av Kjenes, Vassbygdvegen 622, 5912 Seim.

Lindås kommune har oppdateringsansvar for Matrikkelen i kommunen. Matrikkelen er Noreg's offisielle register over grunneigedomar, bygningar og adresser.

Dette er ein kontinuerleg prosess som Geodata utfører dagleg ved oppmålingsforretningar, ved grensejusteringar, utskiftningskart, data frå Jordskifte og Vegvesen samt **eldre skylddelingar**. Sjå vedlegg ! Dessutan etter innspel frå grunneigarar som oppdagar feil eller manglar med teigar eller grenselinjer.

Kommunen jobbar heile tida med å få til eit betre register som grunneigarar og publikum kan nytta til utbyggingsføremål og andre ting.

Det har vorte meld inn feil på grenselinjene kring ovanfornevnde eigedom av sonen til Wilfred Brundtland – Øyvind. Desse grenselinjene er no retta opp på 4 (delvis 5) av kartvedlegga til dette brevet. Utskiftningsmerkeslinje mellom b.nr. 1 og 3, vart samstundes opprette mellom vatna ! Dei andre kartvedlegga syner korleis grenseforløpet såg ut FØR grenseendingane vart gjennomført.

Som tilstøytande naboar og partar i saka – gbnr 178/1 og gbnr 178/3 – vert de varsla om grenseendingane som er føretekte i Matrikkelen.

Dersom dette ikkje stemmer med dykkar opplysningar om grensetilhøvet, ber me dykk snarast senda tilbakemelding saman med dokumentasjon til:

Lindås kommune, Geodata, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ.
Tlf. 56 37 50 00. E-post: postmottak@lindas.kommune.no

Med helsing



Tommy Veland
avdelingsleiar

Sverre Solberg
avdelingsingeniør

Vedlegg:
178-5 Vedlegg

Mottakarar:

Irene Kjenes	Vassbygdvegen 620	5912	SEIM
Odd Maurset Vabø	Vassbygdvegen 740	5912	SEIM
Wilfred Brundtland v/Øyvind Brundtland	Ole Irgens' vei 64	5019	BERGEN